

Heldige vinnarar i gratislotteriet til Knaphus/Auto 88!

29.02.2016



Eldste bilen som fylte billeg bensin under nyopninga, VW Boble 1958, eigar Einar Gjertsen.

Sist fredag var det opning av den nye stasjonen til Knaphus Energi i Uskedalen. Besøket var stort, og det var til tider lange køar ved pumpene. I tillegg til billeg drivstoff var det gode tilbod på Bosch vindusviskarar, motorolje, og det var servering av kake og kaffi i tillegg til at kundane fekk tilbod om gratis spylarvæske.

Dagleg leiar Anve Gausvik er svært fornøgd med responsen frå kundane, og det var fleire som kom enn dei rekna med. Han fortel at dei hadde som mål å selja 5000 liter drivstoff denne dagen, men teljaren stoppa på godt over 8000 liter. Han kan vidare fortelja at dei delte ut om lag 540 liter gratis spylarvæske.

Gratislotteriet er også trekt. og dei heldige vinnarane vart:

- Gratis EU-kontroll: Trond Reime
- 50 liter drivstoff: Kjellaug H. Myklebust

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Einar Gjertsen